



Seniortrimmarane samla på Kjerlandssido. Frå venstre står Gudrun Eidsvik, Johanna Yri, Eva Synnøve Skeie, Ragna Myklebust, Randi Hallaråker, Eva Myklebust og Kari Henriksen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Uskedelingane er svært flinke trimmarar og det gjeld ikkje minst dei eldste! Kvar einaste måndag uansett ver og føre er ei gruppe av dei å sjå anten på Kjerlandssido eller Døsslandsio tidleg om føremiddagen.**

Denne måndagen traff uskedalen.no dei omtrent midt på Kjerlandssido og då var dei klare til å ta fatt på siste etappa ned til sentrum. Ettersom dei ikkje hadde noko spesielt ynskje om avsløring av alderen, vil vi berre fortelja at gjennomsnittssalderen på dei sju er 79 år og at dei to yngste er 73 medan den eldste er 85!

- Vi har eit litt forskjellig turopplegg, fortalde Eva Myklebust.
- Dei to gamle går ikkje så langt som vi andre. Dei går som regel på Kjerlandssido opp til Sigvald (Eik) og der møter dei oss yngre. Vi har gått opp Døsslandssido og nedover frå Hauglandkrysset. Så går vi alle saman ned Kjerlandssido og endar på SPAR der vi drikk gratis kaffe!
- Og veret spelar inga rolle?
- Stort sett ikkje, men hvis det er for glatt på asfalten, hender det at vi går på grusvegen langs elva. Då må vi gjera fleire turar for å få den same effekten.
- Korleis starta denne måndagstrimmen?
- Det var Johanna og eg som starta den i 1994, truleg inspirert av OL på Lillehammer. Så hengde dei andre seg på etter kvart.
- Treff dykk nokre yngre under trimturen?
- Det hender at vi møter nokre yngre med barnevogn, men sjeldan nokre andre trimmarar. Dei yngre som trimmar er nok i aksjon høgre opp i lia.
- Kjem dykk til å halda på til 100-talet er passert?
- I det minste kjem vi til å halda på til vi er nittil!

Av Ola Matti Mathisen



Samla nedover Kjerlandssido – kaffen ventar på butikken! (Foto: Ola Matti Mathisen)